



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato:	11.03.2021
Tid:	10:00

Om smittesituasjonen gjeldande koronavirus endrar seg fram til møtet, kan møte bli endra frå fysisk møte til Teams-møte.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 40203664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Ragnhild Ravna Skjærvik

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020	2019/108	
Politiske saker			
PS 1/21	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan	2019/36	
PS 2/21	Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør	2020/61	
PS 3/21	Status for arbeid med eigarskapsmeldinga	2019/137	
PS 4/21	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2020/188	
PS 5/21	Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - prosjektplan	2021/26	
PS 6/21	Årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Bømlo kommune	2019/118	
PS 7/21	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2019/109	
PS 8/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/112	
PS 9/21	Eventuelt	2020/60	
Referatsaker			
RS 1/21	Julebrev fra FKT	2019/26	
Politiske saker			
PS 10/21	Konkurransenutsetting av revisjonstenester for Bømlo kommune	2014/390	

Godkjenningssaker
GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/108-12
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	2/21	11.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato:	03.12.2020
Tid:	10:00 - 12:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleiar	H
Silje Sivertsen	Medlem	V
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Ole Fylkesnes	Anfinn G. Tolås	KRF

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Sammy Olsen	Ordførar
Kjetil Aga Gjøsaeter	Kommunedirektør (PS 29/20, PS 30/20, PS 31/20, PS 32/20, PS 33/20 og P34/20)
Else Holst Larsen	Partner, Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Frode Løvlie	Senior Manager, Forvaltningsrevisor, Deloitte AS (via Teams)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.10.2020	2019/108	
	Politiske saker		
PS 29/20	Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan	2018/30	
PS 30/20	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan	2019/36	
PS 31/20	Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen - handlingsplan	2017/2	
PS 32/20	Status for arbeid med eigarskapsmeldinga	2019/137	
PS 33/20	Henvending gjeldande kulturhuset	2020/61	
PS 34/20	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2020/188	
PS 35/20	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/110	
PS 36/20	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport 2020	2019/119	
PS 37/20	Tinging av kurs frå Deloitte	2020/200	
PS 38/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/112	
PS 39/20	Eventuelt	2020/60	
	Referatsaker		
RS 8/20	Vedtaksbrev - fritak frå verv KU - Lene Borgen Waage (A) - suppleringsval	2019/106	
RS 9/20	FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2019/26	
RS 10/20	KMD-FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5	2019/26	
RS 11/20	FKT - medlemsinformasjon november 2020	2019/26	

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.10.2020

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 22.10.2020.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 22.10.2020 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 29/20 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar til maimøte i 2021. Frist for levering av skriftleg tilbakemelding er 15.04.2021.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka ut i frå det som kjem fram av informasjon i innkallinga og orienteringa frå kommunedirektør i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar til maimøte i 2021. Frist for levering av skriftleg tilbakemelding er 15.04.2021.

PS 30/20 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka ut frå det som kjem fram av informasjon i saksframlegget og av orienteringa frå kommunedirektør i møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte 25.02.2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet, innan 04.02.2021.

PS 31/20 Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø og leseopplæring i skulen - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vel å lukke saka og takker for det arbeidet som er lagt ned.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte handlingsplanen og er einig i at kommunen stort sett er i mål med handlingsplanen slik den ligg føre.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vel å lukke saka og takker for det arbeidet som er lagt ned.

PS 32/20 Status for arbeid med eigarskapsmeldinga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Etter at kommunedirektør informerte kontrollutvalet om situasjonen, vart kontrollutvalet einig om å utsetje saka til februar møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til møte 25.02.2021 og orienterer om status i arbeid med eigarskapsmeldinga.

PS 33/20 Henvending gjeldande kulturhuset

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka ut i frå informasjon som kom fram i møte. Det vart og opplyst at kommunedirektør har vorre i kontakt med dagleg leiar av Kulturhuset og diskutert saka med henne.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 34/20 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør innformerte mellom anna om:

- Covid - 19 situasjonen
- Sjukefråvær i kommunen
- Nedbemaningsprosess
- Rekneskapsprognose for 2020
- Skatteinngang
- Arbeid med delegasjonsreglementet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 35/20 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.02.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2021.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Vurdering av habiliteten til Vegard Enerstvedt - etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Før kontrollutvalet handsama saka diskuterte ein habiliteten til Vegard Enerstvedt. Kontrollutvalet var einige om at han var habil til å handsame saka. Habiliteten til Vegard Enerstvedt vart og handsama i PS 39/20 i dette møte.

Kontrollutvalet diskuterte plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, slik dei ligg føre. Ein vart einige om å velje prosjekt nr. 1 **Styring av investeringsprosjekt**, i plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Styring av investeringsprosjekt
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 04.02.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 25.02.2021.

PS 36/20 Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Partner frå Deloitte presenterte interimsrevisjonsrapport 2020 for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

PS 37/20 Tinging av kurs frå Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema.....
Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte kursoversikta frå Deloitte. Etter ein kort diskusjon vart kontrollutvalet einig om å bestilla kurs i **Ny kommunelov**.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema Ny kommunelov
Tidspunkt for gjennomføring av kurs vert første halvår 2021.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 38/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 39/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

1.Vurdering av habilitet til Vegard Enerstvedt

Etter bestilling frå kontrollutvalet i møte 22.10 har sekretariatet innhenta ei juridisk vurdering gjeldande habiliteten til Vegard Enerstvedt. Eposten om denne vurderinga er sendt til utvalsmedlemmane.

Habilitetsreglane er heimla i forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Det er kanskje 2. ledd som er mest aktuell for Vegard Enerstvedt.

Dette kjem mellom anna fram av den juridiske vurderinga:

«Det er kontrollutvalet som må vurdera habiliteten frå sak til sak, og at denne skal vere objektiv. Spørsmålet er om det faktisk at mor hans er kommunalsjef, er eigna til svekke ålmenta sin tillit til at han vil opptre upartisk i kontrollutvalet.»

2.Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - status om forvaltningsrevisjonen

Sekretær orienterte kort om status på forvaltningsrevisjonsrapporten. Denne er forseinka og KPMG har meldt frå om at den først vil bli sendt til kontrollutvala på nyåret.

3.Første møte i kontrollutvalet i 2021

Kontrollutvalet vart einige om at første møte i kontrollutvalet i 2021 vert 25.02.2021.

4.Delegasjonsreglementet

Nytt delegasjonsreglement for Bømlo kommune skal vere klart 31.12.2020, ordførar og kommunedirektør orienterte litt om dette. Kontrollutvalet vil ha ei orientering frå kommunedirektør om dette til møte 25.02.2021.

5. Nettkurs - «Korleis takle media»

Leiar i kontrollutvalet orienterte kort om nettkurs ho har deltatt i «Korleis takle media»

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar den juridiske vurderinga gjeldande habiliteten til Vegard Enerstvedt til orientering.
2. Status om forvaltningsrevisjonsrapporten Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) vart teken til orientering.
3. Kontrollutvalet skal ha møte 25.02.2021.
4. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til møte 25.02.2021 og orienterer om nytt delegasjonsreglement.
5. Orientering om nettkurs «Korleis takle media» vart teken til orientering

Referatsaker

RS 8/20 Vedtaksbrev - fritak frå verv KU - Lene Borgen Waage (A) - suppleringsval

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 9/20 FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 10/20 KMD-FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 11/20 FKT - medlemsinformasjon november 2020

Saksprotokoll 03.12.2020 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

Politiske saker
PS 1/21 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll -
handlingsplan



Saksnr: 2019/36-8
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	1/21	11.03.2021

Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i september i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Samandrag

Dette er andre oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalet sitt møte i september i 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 18.05.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

1. *Sørge for at det blir etablert system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte*
2. *Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte*
3. *Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.*
4. *Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.*
5. *Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.*
6. *Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.*
7. *Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan som er vedlagt saka. Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

Konklusjon

Sekretariatet registrerer at det er satt i gang ein del positive tiltak knytt til handlingsplanen innan vedtaksoppfølging og internkontroll. Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til første møte hausten 2021 (september).

Handlingsplan oktober 2020, med merknader februar 2021

	Ansvarleg	Tidsfrist	Prioritet	Merknad, februar 2021
1. Etablere system for registrering av vedtak der det også inngår	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)	01.02.21	1	Gjennomført.
a. status for oppfølging og iverksetjing	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)			
b. kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)			
c. rapportering til politiske møte	Kommunedirektør			
2. Oppdatere informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	3	Kommunedirektøren sende i desember 2020 skriv om kvalitetsarbeid til alle tilsette. Dette har til no vore halvårlege skriv. I tillegg er dette tema i medråderettsmøte Strategisk leiargruppe: Starta arbeid med KS sin rettleiar for kommunedirektøren sin interkontroll «Orden i eget hus».
a. tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet	Kommunedirektør			
b. vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på ein god måte	Kommunedirektør	01.02.21	5	Det er vurdert som lite hensiktsmessig å gjera endringar frå dagens praksis. Det er svært gode erfaringar med at det er 1 person som har overordna kunnskap og oversikt over dokument. Dette gjer at m.a. dokument frå fleire verksemder som er nesten identiske, kan bli laga om til å gjelda for heile seksjonen eller for heile kommunen. Slike dokument ville ikkje blitt fanga opp dersom det er fleire som legg inn dokument. Det må vera samsvar mellom organisasjonskartet og dokumentstruktur samt avviksstruktur, og den ansvarleg må ha god kjennskap til org. kart, samt ha fokus på å sjå kommunen

				<p>under eitt, og ikkje berre sitt eige fagfelt.</p> <p>Alle rettar er på plass for rollar dersom dette vert sett på som formåls-tenleg at fleire rollar legg inn dokument..</p> <p>Leverandør vil og kunne vera behjelpelig dersom det skulle oppstå eit akutt behov.</p>
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	2	<p>Dette arbeidet pågår no som kommunen nettopp har tatt i bruk ny versjon av kvalitetsstyrings-systemet.</p> <p>Opplæring og repetisjon er eit kontinuerleg arbeid og vil aldri kunne setjast som utført.</p>
4. Sørge for ein god avviksmeldeskultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene.	Kommunedirektør	01.02.21	4	<p>Avviksrapport blir framlagd for AMU to gonger årleg, med derpåfølgjande drøfting. Avvik er tema i medråderettsmøte, og er jamleg tema i leiarmøte. Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vil aldri kunne setjast som utført.</p> <p>Med den nye versjonen av kvalitetsstyrings-systemet vil det vera mykje enklare for kvar einskild leiar å laga statistikk for eiga ansvarsområde.</p>
5. Etablere felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	6	<p>Arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdigstilt.</p> <p>Ny frist er 01.07.21</p>
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.	Kommunedirektør	01.02.21	7	<p>Møteplan for kvalitetsutval og kvalitetsgruppene er enno ikkje sett for 2021. Dette har samanheng med pågåande arbeid med revisjon av kvalitetshandbok.</p>



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/61-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	2/21	11.03.2021

Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet ba om ei orientering om denne saka til dette møtet. I epost frå kommunedirektør av 05.02.2021 kjem det fram ein del informasjon om saka. Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var mellom anna protokollert i saka om eventuelt i møte 03.12.2020.

«Nytt delegasjonsreglement for Bømlo kommune skal vere klart 31.12.2020, ordførar og kommunedirektør orienterte litt om dette. Kontrollutvalet vil ha ei orientering frå kommunedirektør om dette til møte 25.02.2021.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til møte 25.02.2021 og orienterer om nytt delegasjonsreglement»

I epost frå kommunedirektør 05.02.2021 kjem blant anna dette fram om saka:

«Nåverande reglement inneheld både sakshandsamingsreglar for folkevalde organ og delegeringsreglement. Ein har nå delt desse slik at vi får eit reglement for sakshandsaming og eit for delegering. Ein vonar det vil gjere reglementa meir praktiske og tilgjengelege, i tillegg at det blir enklare å gjere rullere/revidere/gjere endringar.

Det er laga eit utkast til sakshandsamingsreglement. Når det gjeld delegeringsreglement har ein valt å nytte ei digital løysing, KS Delegering, og i denne løysinga er det laga eit forslag til delegeringsreglement. Politikarane må gå gjennom forslaget, og vurdere om det samsvarar med den arbeids- og ansvarsfordelinga dei ønskjer.

Ein har vedtatt at Formannskapet er arbeidsutval for dette arbeidet. Administrasjonen skal presentere sine utkast saksbehandlingsreglement og løysinga for delegeringsreglement for Formannskapet/arbeidsutvalet i møte den 15.02.2021.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det kjem fram noko i saka som krev nærare undersøking, eller innhenting av fleire opplysningar, kan utvalet be om dette til neste møte.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/137-8
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	3/21	11.03.2021

Status for arbeid med eigarskapsmeldinga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet har i møte 28.05.2020 vedteke at ein ønskjer ei orientering frå kommunedirektør om status i arbeid med eigarskapsmeldinga. Saka vart utsett frå desembermøte til dette møte.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat frå kommunedirektør - Status for arbeid med eigarskapsmeldinga

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 28.05.2020, i sak om eventuelt, vart mellom anna dette protokollert:

«Kontrollutvalet vart einige om at ein ønskjer ei orientering frå rådmann når det gjeld status for dette arbeidet»

Denne saka vart utsett frå desembermøte til dette møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektør har i epost 05.02.2021 sendt ein epost til sekretariatet og det er utarbeida eit notat i saka. Notat er vedlagt saka.

Konklusjon

Ut i frå det som kjem fram av informasjonen i orienteringa frå kommunedirektør og av notatet som er vedlagt saka, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka. Det er i forslag til vedtak lagt fram at ein tar informasjonen til orientering.

Status i arbeidet med eigarskapsmelding

Kontrollutvalet bad den 03.12.2020 kommunedirektøren møte i kontrollutvalet 25.02.2021 og orienterer om status i arbeidet med eigarskapsmelding. Status er følgjande;

1. Kravet til eigarskapsmelding og status

I kommunelova § 26-1 vert stilt krav om at kommunen utarbeidar eigarskapsmelding. Det vert også stilt minstekrav til kva eigarskapsmeldinga skal innhalda. I forarbeida til lova er krava noko presisert.

Både forarbeida og KS gir tilrådingar om kva ein bør ha med i meldinga, utover minstekrava som vert gitt i lova.

Vi har laga oss ein oversikt over kva vi etter dette **skal** ha med i vår eigarskapsmelding, kva vi **bør** ha med, og kva vi **kan** ta med for å gjere eigarskapsmeldinga til eit best mogleg reiskap for eigarskapskontrollen.

Bømlo kommune si siste eigarskapsmelding er frå 2014. Denne er gjennomgått og vurdert opp mot krava som vert stilt etter kommunelova og tilrådingane som vert gitt. Store deler av denne kan nyttast som utgangspunkt for arbeidet med ny melding. Det er likevel ein del arbeid som må gjerast for å oppdatere meldinga, både faktisk og juridisk.

Arbeidet med kartlegging av dei enkelte verksemdene er starta, blant anna har kommunedirektøren hatt møte med BVA og BKE. I tillegg er det avtalt møte med Karmsund IKS og Kulturhuset i starten på februar.

2. Planen vidare

2.1. Eigarskapsmeldinga må oppdaterast og utfyllast for å vera i samsvar med gjeldande kommunelov.

Alle tilvisingar til kommunelova må oppdaterast til ny lov. I tillegg til paragraftilvisingar er for eksempel interkommunalt samarbeid etter gammal kommunelov § 27 utgått i den nye lova.

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring må utarbeidast grundigare enn det som er gitt i siste eigarmelding. Dette gjeld både kommunen sine overordna prinsipp for eigarstyring, samt kommunen sine prinsipp for eigarstyringa av den enkelte verksemd.

Informasjonen som vert gitt om den enkelte verksemd må oppdaterast og utfyllast. Dette gjeld først og fremst informasjon om:

- Kommunens formål med eigarskap i verksemda
- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring av verksemda, jf. ovanfor.
- Kommunen sin eigarstrategi for verksemda
- Omtale av arbeidet i verksemda

Vi vil, i samarbeid med verksemdene, hente inn for gjennomgang;

- Gjeldande selskapsavtalar og vedtekter, samt driftsavtalar og andre avtalar som gjeld drift og styring.
- Selskapsstrategiar og eigarskapsstrategiar for dei verksemdene som har dette.

- Eventuelle selskapskontrollar og revisjonsrapportar som er gjort etter siste eigarmelding.

For å kunne gje mest mogleg aktuell informasjon og vurdering av verksemdene vil kommunedirektøren ha møte med alle verksemdar før ferdigstilling av ny eigarskapsmelding. Dette arbeidet er som vist ovanfor allereie i gang.

2.2. Vurdere og avgjere om eigarskapsmeldinga skal vera meir omfattande enn kva som følgjer av minstekravet i lova, slik ein eventuelt seier noko om;

- Korleis løypande saker som knyt seg til utøvinga av eigarselskapa skal handterast og forankrast i kommunen.
- overordna prinsipp for kva typar spørsmål og saker dei folkevalde skal og bør handtere og kva som skal handterast av selskapa.
- korleis arbeidet med eigarskapsstyring skal organiserast i kommunen; prinsipp knytt til selskapets samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk m.m.
- korleis den enkelte verksemda fyller si hensikt etter det føremål kommunen har med eigarskapet.

Vurderingar og avgjerder må her gjerast i samarbeid med kommunen sitt eigarutval, formannskapet.

2.3. Tiltak og tilrådingar for ny eigarskapsmelding

På bakgrunn av den informasjonen ein har fått om verksemdene og kommunen sitt eigarskap, vil ein lage nye tiltak og tilrådingar for det vidare arbeidet med eigarskapskontrollen.

3. Tidsplan

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden. Då gjeldande eigarskapsmelding er 7 år gammal, bør ikkje arbeidet med eigarskapsmeldinga utsettast. Samstundes er det viktig at arbeidet vert gjort grundig, særleg av omsyn til at lova stiller krav om eigarskapsmeldinga, samt at lova stiller krav til meldinga sitt innhald. Tidskravet i lova gir oss rom til å gjere eit grundig arbeid. Eit grundig arbeid nå vil i tillegg gjere seinare revideringsarbeid enklare.

Ut frå dette vurderer ein at all innhenting og gjennomgang av informasjon vil vera gjort slik at rammene for eigarskapsmeldinga kan vera klar innan juni.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/188-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	4/21	11.03.2021

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2021/26-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	5/21	11.03.2021

Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 20.03.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 15.09.2021, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande Styring av investeringsprosjekt. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte då det er knappheit med tid til å gjennomføra denne, ut i frå at kommunestyret har eit ønskje om at denne vert handsama i første møte hausten 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prosjektplan- Styring av investeringsprosjekt

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan Styring av investeringsprosjekt i møte 27.11.2020 (PS 35/20), det det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Styring av investeringsprosjekt*
2. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 04.02.2021.*
4. *Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 25.02.2021.*

Sekretariatet har motteke prosjektplanen frå Deloitte innan fristen, og denne er vedlagt saka.

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Bømlo kommune har etablert system og rutinar for organisering, planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt. I undersøkinga vil revisjonen mellom anna fokusere på rolle- og ansvarsfordeling, fullmakter, rutinar for utarbeiding og kvalitetssikring av avgjerslegrunnlag, kostnadskalkylar og framdriftsplanar, rutinar for kontrahering og kontraktsoppfølging, og system for styring av kvalitet, kostnad og framdrift, samt oppfølging av kontraktar og leverandørar (under dette med omsyn til seriøsitetskrav)

Videre er det eit føremål å undersøke om eit utvald investeringsprosjekt har blitt gjennomført i samsvar med kommunale retningslinjer/rutiner og anerkjente prinsipp for prosjektstyring, samt regelverk og rutinar for oppfølging av kontraktar og leverandørar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Bømlo kommune etablert system som sikrar tydelege rolle- og ansvarsforhold og rapportering i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - a. Er det etablert retningslinjer og rutinar for å sikre tydeleg rolle- og ansvarsdeling og tydelege fullmakter i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - b. Er det etablert rutinar for å vurdere behov for eventuell ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - c. Er det etablert tydelege krav og retningslinjer for rapportering i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt?
2. Har Bømlo kommune etablert system og rutinar for planlegging og initiering av investeringsprosjekt?
 - a. Har kommunen etablert ein prosjektmodell eller tilsvarande for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - b. Er det etablert rutinar for utarbeiding av avgjerslegrunnlag for val av investeringsprosjekt, som tek omsyn til risiko og usikkerheit i prosjektgjennomføringa (til dømes usikkerheit knytt til løysingval, arbeidsomfang og prosjektkompleksitet)?
 - c. Er det etablert rutinar for kvalitetssikring av grunnlag for avgjersle om val og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - d. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for:
 - i. Definerings av mål for prosjektet og utarbeiding av kvalitetsplan for å nå dei måla som er definert?

- ii. Gjennomføring av risikovurderingar knyttet til kvalitet, framdrift og økonomi i prosjektet?
- iii. Estimering av kostnader/utarbeiding av kalkylar, samt oppdatering av kalkylar ved endra prosjektføresetnadar?
- iv. Utarbeiding av framdriftsplan?

3. Har Bømlo kommune etablert system og rutinar for gjennomføring og styring av investeringsprosjekt?

- a. Er det etablert rutinar for utarbeiding av kontraktsstrategi for investeringsprosjekt, som tek omsyn til kontraktuell risiko (kontraktane sin storleik/kompleksitet, leverandørrelatert risiko mv.)?
- b. Er det etablert rutinar for gjennomføring av risikovurderingar i samband med val av entrepriseforamar/-struktur?
- c. Er det etablert rutinar for å kvalitetssikre anbudsgrunnlag og kravspesifikasjonar knytt til entreprisar/kontraktar?
- d. I kva grad har kommunen sikra tilstrekkeleg kompetanse til gjennomføring av kontrahering i investeringsprosjekt?
- e. Føreligg det retningsliner/rutinar som sikrar tydeleg plassering av ansvar for kontraktsoppfølging i investeringsprosjekt?
- f. I kva grad er det etablert rutinar for kontrakts- og leverandør oppfølging? Under dette:
 - i. Rutinar for å stille krav til seriositet⁴ i kontraktar med leverandørar?
 - ii. Rutinar for å gjennomføre kontroll med at seriositetskrav blir etterlevd ?
- g. Er det etablert retningsliner/rutinar for styring av økonomien i investeringsprosjekt?
- h. I kva grad er det etablert rutinar for oppfølging av endringsmeldingar, som inkluderer vurdering av eventuelle konsekvensar for framdrift og økonomi?

4. I kva grad har eit utvald investeringsprosjekt i Bømlo kommune blitt gjennomført i samsvar med kommunale retningsliner/rutiner og anerkjente prinsipp for prosjektstyring, samt regelverk og rutinar for oppfølging av kontraktar og leverandørar?

- a. Har kommunen sikra ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling og tydelege fullmakter i prosjektet?
- b. Har det vore etablert tydelege krav og retningsliner for rapportering?
- c. Har prosjektet blitt planlagt ut frå gjeldande kommunale retningsliner/rutinar? Under dette:
 - i. Er eventuell prosjektmodell lagt til grunn for planlegging av prosjektet?
 - ii. Tek avgjerslegrunnlag for val av prosjekt tilstrekkeleg omsyn til risiko og usikkerheit i prosjektgjennomføringa, og er avgjerslegrunnlag tilstrekkeleg kvalitetssikra?
 - iii. Er det gjennomført risikovurderingar knytt til kvalitet, framdrift og økonomi i prosjektet?
 - iv. Er det utarbeidd kvalitets- og framdriftsplanar for prosjektet?
 - v. Er det utarbeidd realistiske kalkylar for prosjektet og har kalkylane blitt oppdatert ved ev. endra føresetnadar?
- d. Har prosjektet blitt gjennomført ut frå gjeldande kommunale retningsliner/rutinar? Under dette:
 - i. Er det utarbeidd kontraktsstrategi for prosjektet?
 - ii. Er det gjennomført risikovurdering ved val av entrepriseforamar/-struktur?
 - iii. Har anbudsgrunnlag og kravspesifikasjon(ar) blitt kvalitetssikret i tilstrekkeleg grad?

iv. I kva grad har det vore ei tilfredsstillande kontraktsoppfølging i samband med gjennomføring av investeringsprosjektet? Under dette:

- Har det blitt stilt krav til seriøsitet i kontraktar med leverandørar, og har ev. krav til seriøsitet i kontraktar med leverandørar blitt tilstrekkeleg følgt opp?

v. I kva grad har prosjektet vore gjenstand for ei tilfredsstillande økonomistyring?

vi. I kva grad er endringsmeldingar tilstrekkeleg vurdert og følgt opp?

vii. I kva grad er det rapportert tilfredsstillande om framdrift og kostnadsutvikling i prosjektet?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, Case-gjennomgang, og verifisering/høyring som metode.

Ressursbruk og gjennomføringsplan

Timeestimat for prosjektet er inntil 330 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.

Prosjektet kan starte opp i mars 2021 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet i siste halvdel av september 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

Konklusjon

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Bømlo kommune

Styring av investeringsprosjekt

Prosjektplan

Februar 2021

«Forvaltningsrevisjon av styring av
investeringsprosjekt - prosjektplan»

Februar 2021

Prosjektplanen er utarbeidd for Bømlo
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillinger	2
2	Revisjonskriterium	5
3	Metode	9
4	Tid og ressursbruk	10

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 3. desember 2020, sak PS 35/20 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av styring av investeringsprosjekt i Bømlo kommune.

Forvaltningsrevisjon av styring av investeringsprosjekt er prioritert øvst i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 i Bømlo kommune. I risiko- og vesentlegvurderinga som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, går det fram at kommunen i dei kommande åra har planlagt fleire større investeringsprosjekt og at det i desse prosjekt knyt seg risiko til budsjettetleving, tilstrekkeleg framdrift og om prosjekta blir gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet og resultat.

1.2 Om planlegging og styring av investeringsprosjekt

Norske kommunar er i utgangspunktet organisert som tenesteleverandørar, og omfanget av investeringsprosjekt som blir gjennomført i den enkelte kommune er ofte lite. Enkelte investeringar ein kommune gjer, er i tillegg av ein sånn storleik og karakter at det kan gå mange tiår mellom kvar gang slike investeringsprosjekt blir gjennomført. Den prosjektfaglege kompetansen i kommunane til gjennomføring av store investeringsprosjekt kan variere ganske mykje, og i ein del tilfelle kan kompetansen også vere begrensa. Den varierende kompetansen og erfaringa mange kommunar har når det kjem til gjennomføring av større investeringsprosjekt, gjer at tilstrekkeleg planlegging, styring og kontroll av prosjekta vil vere avgjerande for om ein lukkast med å gjennomføre dei til planlagt tid og innanfor vedtekte rammer. Vidare understrekar dei potensielle konsekvensane av mangelfullt planlagde og dårleg styrte investeringsprosjekt viktigeita av god planlegging og styring av kommunale investeringsprosjekt. Kommunale investeringsprosjekt som ikkje klarer å innfri dei måla som er sett eller som påverkar kommunen sin økonomi negativt, kan medføre at det samla tenestetilbodet i kommunen blir skadelidande i form av dårlegare og dyrare tenester til innbygarane.

Forskningsprogrammet Concept¹ peikar i sin rapport om kommunale investeringsprosjekt² på at noko av det viktigaste for å sikre ei tilfredsstillande gjennomføring av investeringsprosjekt, er dei utredningar/analysar og avgjersler som blir gjort i prosjekta sin *tidlegfase*, dvs. i perioden frå det første initiativet blir tatt til den endelege avgjersla om investering blir fatta. Både nasjonale og internasjonale studiar viser at den mest kritiske fasen for å oppnå suksess i investeringsprosjekt er planleggingsfasen før prosjekta tek til. Studiane viser mellom anna at andelen investeringsprosjekt som er vellukka er vesentleg høgare blant dei prosjekta der det er gjennomført grundige tidlegfase-utredningar enn blant dei prosjekta der tilsvarande utredningar ikkje er gjennomført. Concept peikar vidare på at mislukka investeringsprosjekt gjerne er prega av mangelfulle økonomiske analysar, under dette underestimering av kostnader og kostnadsestimat der det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til usikkerheit, manglande kvalitetssikring av økonomiske kalkylar og prosjektstyringsgrunnlag, samt mangelfulle analysar knytt til anna usikkerheit i prosjektet, slik som risiko for uføresette hendingar og endringar i prosjektomfang.

Ein prosjektmodell kan vere eit nyttig verktøy for støtte opp under at investeringsprosjekt blir gjennomført på ein kostnads- og tidseffektiv måte, og at dei ressursane som blir investert bidreg til at kommunane imøtekjem dei behov som er definert og når dei måla som er sett. Ein prosjektmodell er ei samling minstekrav til korleis eit prosjekt skal gjennomførast, frå initiering, via planlegging, til gjennomføring og drift. Gode kommunale prosjektmodellar vil typisk ha ein metodikk for korleis til dømes initiering og planlegging (tidleg-fasen) av eit investeringsprosjekt skal gjennomførast, som sikrar at naudsynte utredningar og analysar knytt til kostnader og prosjektstyringsgrunnlag blir gjennomført, og at desse analysane blir gjenstand for tilstrekkeleg kvalitetssikring.

Med bakgrunn i mellom anna den kjente kunnskapen om suksessfaktorar i kommunale investeringsprosjekt, har Deloitte utarbeidd forslag til føremål og problemstillingar for forvaltningsrevisjonen av styring av investeringsprosjekt. Desse er presentert under neste overskrift.

¹ Forskningsprogrammet Concept ved NTNU skal utvikle kunnskap som sikrar betre konseptval, ressursutnytting og effekt av store statlege investeringar. Programmet har ved fleire tilhøve også gjennomført analysar knytt til planlegging og gjennomføring av kommunale investeringsprosjekt.

² Concept-rapport nr. 45: «Kommunale investeringsprosjekt. Prosjektmodellar og krav til beslutningsgrunnlag». Oktober 2015.

1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Bømlo kommune har etablert system og rutinar for organisering, planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt. I undersøkinga vil revisjonen mellom anna fokusere på rolle- og ansvarsdeling, fullmakter, rutinar for utarbeiding og kvalitetssikring av avgjerslegrunnlag, kostnadskalkylar og framdriftsplanar, rutinar for kontrahering og kontraktsoppfølging, og system for styring og oppfølging av kvalitet, kostnad og framdrift, samt oppfølging av kontraktar og leverandørar (under dette med omsyn til seriositetskrav).

Videre er det eit føremål å undersøke om eit utvald investeringsprosjekt har blitt gjennomført i samsvar med kommunale retningslinjer/rutiner og anerkjente prinsipp for prosjektstyring, samt regelverk og rutinar for oppfølging av kontraktar og leverandørar.

Med bakgrunn i føremålet, er det formulert følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har Bømlo kommune etablert system som sikrar **tydelege rolle- og ansvarsforhold** og **rapportering** i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - a. Er det etablert retningslinjer og rutinar for å sikre tydeleg rolle- og ansvarsdeling og tydelege fullmakter i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?³
 - b. Er det etablert rutinar for å vurdere behov for eventuell ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - c. Er det etablert tydelege krav og retningslinjer for rapportering i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt?
2. Har Bømlo kommune etablert system og rutinar for **planlegging og initiering** av investeringsprosjekt?
 - a. Har kommunen etablert ein prosjektmodell eller tilsvarande for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - b. Er det etablert rutinar for utarbeiding av avgjerslegrunnlag for val av investeringsprosjekt, som tek omsyn til risiko og usikkerheit i prosjektgjennomføringa (til dømes usikkerheit knytt til løysingval, arbeidsomfang og prosjektkompleksitet)?
 - c. Er det etablert rutinar for kvalitetssikring av grunnlag for avgjersle om val og gjennomføring av investeringsprosjekt?
 - d. I kva grad er det etablert tydelege retningslinjer og rutinar for:
 - i. Definerings av mål for prosjektet og utarbeiding av kvalitetsplan for å nå dei måla som er definert?
 - ii. Gjennomføring av risikovurderingar knyttet til kvalitet, framdrift og økonomi i prosjektet?
 - iii. Estimering av kostnadar/utarbeiding av kalkylar, samt oppdatering av kalkylar ved endra prosjektføretnadar?
 - iv. Utarbeiding av framdriftsplan?
3. Har Bømlo kommune etablert system og rutinar for **gjennomføring og styring** av investeringsprosjekt?
 - a. Er det etablert rutinar for utarbeiding av kontraktsstrategi for investeringsprosjekt, som tek omsyn til kontraktuell risiko (kontraktane sin storleik/kompleksitet, leverandørrelatert risiko mv.)?
 - b. Er det etablert rutinar for gjennomføring av risikovurderingar i samband med val av entreprisformar/-struktur?

³ Denne problemstillinga vil dekke spørsmål knytt til ansvarsdeling og fullmakter i grensesnittet mellom politikk og administrasjon, under dette om det er etablert retningslinjer og rutinar for å sikre at det er tydeleg avklart kva mynde administrasjonen har til å ta val og treffe avgjersle i prosjekt utan kommunestyret si involvering.

- c. Er det etablert rutinar for å kvalitetssikre anbudsgrunnlag og kravspesifikasjonar knytt til entreprisar/kontraktar?
 - d. I kva grad har kommunen sikra tilstrekkeleg kompetanse til gjennomføring av kontrahering i investeringsprosjekt?
 - e. Føreligg det retningsliner/rutinar som sikrar tydeleg plassering av ansvar for kontraktsoppfølging i investeringsprosjekt?
 - f. I kva grad er det etablert rutinar for kontrakts- og leverandøroppfølging? Under dette:
 - i. Rutinar for å stille krav til seriøsitet⁴ i kontraktar med leverandørar?
 - ii. Rutinar for å gjennomføre kontroll med at seriøsitetskrav blir etterlevd i prosjekt?
 - g. Er det etablert retningsliner/rutinar for styring av økonomien i investeringsprosjekt?
 - h. I kva grad er det etablert rutinar for oppfølging av endringsmeldingar, som inkluderer vurdering av eventuelle konsekvensar for framdrift og økonomi?
4. I kva grad har eit **utvald investeringsprosjekt** i Bømlo kommune **blitt gjennomført** i samsvar med **kommunale retningsliner/rutiner** og anerkjente **prinsipp for prosjektstyring**, samt regelverk og rutinar for **oppfølging av kontraktar og leverandørar**?
- a. Har kommunen sikra ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling og tydelege fullmakter i prosjektet?
 - b. Har det vore etablert tydelege krav og retningsliner for rapportering?
 - c. Har prosjektet blitt planlagt ut frå gjeldande kommunale retningsliner/rutinar? Under dette:
 - i. Er eventuell prosjektmodell lagt til grunn for planlegging av prosjektet?
 - ii. Tek avgjerslegrunnlag for val av prosjekt tilstrekkeleg omsyn til risiko og usikkerheit i prosjektgjennomføringa, og er avgjerslegrunnlag tilstrekkeleg kvalitetssikra?
 - iii. Er det gjennomført risikovurderingar knytt til kvalitet, framdrift og økonomi i prosjektet?
 - iv. Er det utarbeidd kvalitets- og framdriftsplanar for prosjektet?
 - v. Er det utarbeidd realistiske kalkylar for prosjektet og har kalkylane blitt oppdatert ved ev. endra føresetnadar?
 - d. Har prosjektet blitt gjennomført ut frå gjeldande kommunale retningsliner/rutinar? Under dette:
 - i. Er det utarbeidd kontraktsstrategi for prosjektet?
 - ii. Er det gjennomført risikovurdering ved val av entrepriseformar/-struktur?
 - iii. Har anbudsgrunnlag og kravspesifikasjon(ar) blitt kvalitetssikret i tilstrekkeleg grad?
 - iv. I kva grad har det vore ei tilfredsstillande kontraktsoppfølging i samband med gjennomføring av investeringsprosjektet? Under dette:
 - Har det blitt stilt krav til seriøsitet i kontraktar med leverandørar, og har ev. krav til seriøsitet i kontraktar med leverandørar blitt tilstrekkeleg følgt opp?
 - v. I kva grad har prosjektet vore gjenstand for ei tilfredsstillande økonomistyring?
 - vi. I kva grad er endringsmeldingar tilstrekkeleg vurdert og følgt opp?
 - vii. I kva grad er det rapportert tilfredsstillande om framdrift og kostnadsutvikling i prosjektet?

⁴ Krav som er meint å motverke sosial dumping og arbeidslivkriminalitet, til dømes krav til lønns- og arbeidsvilkår, bruk av faglærde handverkarar og lærlingar, HMS-dokumentasjon og avgrensing av bruk av underleverandørar.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Internkontroll

I kommunelova § 13-1, 3. og 4. ledd, går følgjande krav til kommunedirektøren fram:

«Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.

Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnet måte.»

Kommunelova kapittel 25, som tredde i kraft 1.1.2021, inneheld nye og skjerpa føresegn knytt til kommunen sin internkontroll:

«Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»

Det er fleire anerkjente rammeverk som skildrar grunnprinsipp for god internkontroll. Eit av dei mest brukte rammeverka for internkontroll er COSO-modellen.⁵ Hovudelementa i COSO-modellen er felles for fleire av dei ulike rammeverka for internkontroll. Dei viktigaste elementa er:

- kontrollmiljø
- risikovurdering
- kontrollaktivitetar
- kommunikasjon og informasjon
- oppfølging frå leiinga

2.2.2 Løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar

Alle anskaffingar i offentleg regi er plikta til å leggje til grunn ein klausul i kontrakten som skal sikre at arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår ikkje vil pressast i ein konkurranseutsett marknad. Bakgrunnen kjem av ratifiseringa av ILO-konvensjon nr. 94 av 1949. I 2005 vart det innført eit krav om at teneste- og bygg- og anleggskontraktar inngått av statlege myndigheiter skulle innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår for oppdragstakars tilsette. Som ein del av den dåverande regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping, vart konvensjonen gjort gjeldande for kommunar, fylkeskommunar og offentlegrettsleg organ frå 2008 gjennom forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Denne slår fast at oppdragsgjevar skal stille kontraktmessige krav om at tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontraktar, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med allmenngjort tariffavtale, eller en landsomfattande

⁵ COSO: *Internal Control – Integrated Framework (2013)*.

tariffavtale for den aktuelle bransje (jf. § 5). Oppdragsgjevar skal også gjennomføre nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaldd (jf. § 7).

2.2.3 Informasjons- og påseplikt og innsynsrett

Forskrifta gjeld der det blir utført arbeid innafor verkeområda til ein allmenngjeringsforskrift, jf. allmenngjeringslova § 3, som til dømes Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge.

Forskrifta om informasjons- og påseplikt og innsynsrett § 5 pålegg bestiller av oppdrag frå entreprenørar og leverandørar ei informasjonsplikt ovanfor sine kontraktspartar. Det går fram av § 5 at «bestiller skal i kontrakter med entreprenørar eller leverandørar informere om at virksomhetenes arbeidstakere minst skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjeringsforskrifter. Den samme informasjonsplikten gjelder for entreprenørar eller leverandørar når disse inngår avtaler med underleverandørar.»

Vidare går det fram av forskrifta § 6 at hovudleverandør skal «påse at lønns- og arbeidsvilkår hos virksomhetens underleverandørar er i overensstemmelse med gjeldende allmenngjeringsforskrifter». Denne påseplikta innebærer at «det skal iverksettes systemer og rutiner for å undersøke og om nødvendig følge opp at allmenngjeringsforskrifter etterleves. Påseplikten kan oppfylles for eksempel ved at det tas inn kontraktsklausuler om at arbeidstakere minst skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjeringsforskrifter, og at dette følges opp gjennom innhenting av dokumentasjon på arbeidstakeres lønns- og arbeidsvilkår».

2.3 Prinsipp for prosjektstyring

I ISO-standardane «Retningslinjer for kvalitetsledelse i prosjekter»⁶ og «Ledelsessystemer for kvalitetsstyring»⁷, blir det framheva at eit godt prosjektstyringssystem er viktig for ei profesjonell og standardisert prosjektstyring. Av standardane går det fram at eit tilfredsstillande prosjektstyringssystem må forutsettast å innehalde mellom anna følgjande element:

- Planleggingen og koordineringen må omfatte hele prosjektet.
- Veldefinerte og omforente styringsprinsipper må benyttes gjennom hele prosjektet.
- Problemer i prosjektgjennomføringen må kunne identifiseres så tidlig som mulig.
- Prosjektstyringssystemet må være slik utformet at det gir grunnlag for god kommunikasjon på alle nivåer i prosjektorganisasjonen.
- Informasjonsmengden prosjektet produserer må være i tråd med det behov som eksisterer på ulike nivåer på informasjonsmottakersiden.
- Rapportering av forbruk av ressurser må skje med den frekvens som er nødvendig etter hvert som prosjektet går fremover.
- Avviksrapportering må være slik at den lett kan bidra til konkrete handlinger.⁸

Nedanfor er det konkretisert korleis krava i teori og standardar for prosjektstyring inngår i hovudfasane i prosjektgjennomføringa.

2.3.1 Prosjektstyringssystem

Styring av investeringsprosjekt omfattar aktivitetar og prosessar både i den kommunale organisasjonen og i ein funksjon eller grupper spesielt oppretta for prosjektet. Styringssystemet bør innehalde retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane i prosjekt (prosjektinitiering, planlegging, gjennomføring og avslutning), samt prosedyrar/rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som forutsett. Vidare er det viktig at kommunen legg til rette for at tilsette får opplæring i bruk av prosjektstyringssystemet, og sørger for at systemet gjennomgåande blir nytta ved gjennomføring av prosjekt.

I følge NS-ISO 10006 skal det ved start av enkeltprosjekt utarbeidast ein kvalitetsplan for prosjektet som beskriver aktivitetar og ressursar som er naudsynte for å nå prosjektet sine mål. Det bør vere ein periodisk gjennomgang av framdriftsplanen for prosjekt, og eventuelle avvik frå framdriftsplanen bør bli identifisert og vurdert.⁹

Initiering/planlegging

Av NS-ISO 10006-standarden går det vidare fram at det i forprosjektfasen er viktig å klargjere målet med prosjektet. I byggeprosjekt vil den overordna målsettinga vere å realisere byggeprosjektet. Meir spesifikke mål for

⁶ NS-ISO 10006:2017 «Retningslinjer for kvalitetsledelse i prosjekter».

⁷ NS-ISO 9001:2015 «Ledelsessystemer for kvalitetsstyring – krav».

⁸ Westhagen (2003), gjengitt i Jessen (2005):301

⁹ NS-ISO 10006:2017, avsnitt 7.4.5

eit prosjekt kan vere knytt til kvalitet, teknikkar for utføring, tidsfrist, økonomisk ramme mv. Økonomiske rammer må bygge på kostnadsoverslag som er realistiske, der det er teke omsyn til alle kostnader og gjort påslag for usikkerheit knytt til prosjektføresetnader o.l.

Planlegginga av prosjekt skal innehalde ei risikovurdering, og det bør vere etablert system eller rutiner for å overvake risikoen i heile prosjektperioden. Av ISO-standarden går det fram at:

«Identifisering av risiko bør ikke bare ta i betraktning risiko ved kostnader, tid og produkt, men også risiko på områder som produktkvalitet, trygghet, pålitelighet, profesjonelt ansvar, informasjonsteknologi, sikkerhet, helse og miljø. [...] All identifisert risiko bør vurderes. Ved denne vurderingen bør det tas hensyn til erfaringer og historiske data fra tidligere prosjekter. [...] Resultatene fra alle analyser og vurderinger bør registreres og kommuniseres til relevant personell.»¹⁰

Ifølge Norsk Standard si rettleiing i prosjektleiing, NS-ISO 21500:2012, bør ein planlegge innkjøp før ein går i gang med innkjøpsprosessen, med det formål å sikre og dokumentere strategi og generell prosess for innkjøpa før igangsetting. Når ein kontrakt er inngått startar kontraktstyringa.

På DFØ sine fagsider om offentlege innkjøp, anskaffelser.no, er det utarbeidd ein rettleiar for kontraktsoppfølging¹¹. Der går det fram at det er forskjell på kontraktsoppfølging avhengig av om det dreier seg om enkle leveransar, rammeavtalar eller større investeringsprosjekt:

«**Ved enkle leveransar**, kan kontraktsforpliktelsene være oppfylt ganske raskt, varen eller tjenesten mottas til avtalt tid, sted og kvalitet og kontrakten er oppfylt.

Ved rammeavtalar kan leveransene bli oppfylt suksessivt gjennom hele avtaleperioden og her må enkeltleveransene sees i sammenheng opp mot kontraktsmessig ytelse. Dette krever andre rutiner enn ved enkle leveransar.

Ved større investeringsprosjekt (...) vil kontraktsoppfølgingen kreve intensiv oppfølging for å sikre at ytelsen blir levert. Inngåelse av avtalen er startskuddet på igangsettelse av et stort prosjekt. Selve ferdigstillingen av slike ytelser kan ta flere år og også kreve interne leveransar. Her kreves tett oppfølging, fremdriftsplaner, grensesnitt mot internleveransar, eskaleringsrutiner mm.»

Auka byggherrekontroll vil i praksis seie ein kontroll på staden der leveransen har skjedd om at masser, kvalitet og utføring er i samsvar med bestilling. I samband med byggearbeid er det kommunen sin byggeleiar som gjennomfører slik kontroll. Dei færreste kommunar har i dag tilsett eigne byggeleiarar. Kommunane engasjerer derfor normalt byggeleiarar for å ivareta kommunen sine byggherreinteresser på byggeplassen. Direktoratet for Byggkvalitet (DiBK) utarbeidde i 2008 ein rettleiar¹² som gir råd om korleis ein planlegg eit byggeleiaroppdrag, kva krav kommunane bør stille og korleis ein følgjer opp kontrakten. Mellom anna inneber det å arrangere oppstartsmøte med kontraherte entreprenørar, kontrollere materialar og utføringa på byggeplassen undervegs, og avhalde faste byggemøte. Kommunar blir oppmoda om å ha ei strukturert evaluering av entreprenøroppdrag.

Gjennomføring

Ifølge NS-ISO 10006-standarden bør ein i samband med ressursplanlegging vidare fastsette og dokumentere kva ressursar som er naudsynte for prosjektet på ulike tidspunkt i gjennomføringa. Kva slags formell kompetanse og personlege eigenskapar som er naudsynte bør bli definert. Vidare bør det utarbeidast arbeidsskildringar som inkluderer ansvar og mynde. Det bør ifølge standardane også bli identifisert eventuelle gap mellom tilgjengeleg og naudsynt kompetanse for prosjektgjennomføring, og ev. avvik som blir avdekt bør handterast.

Av NS-ISO 10006-standarden går det fram at ein i den innleiande fasen av eit prosjekt bør vedta ei prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringsliner. Det bør også vere gjort naudsynte avklaringar om framdriftsplan og vesentlege kontrakts- og avtaleforhold. Det bør vidare vere etablert rutinar for rapportering frå prosjektleiinga til leiinga i kommunen og til politiske organ. Av NS-ISO 10006:2017, pkt. 5.2.6 går det også fram at «*prosjektorganisasjonen bør forvise seg om at passende kommunikasjonsprosesser fastsettes, og at informasjonen utveksles mellom prosjektets prosesser og mellom prosjektet, andre aktuelle prosjekter og initiativtakerorganisasjonen.*». Det bør i tillegg vere etablert rutinar for rapportering frå prosjektleiinga til leiinga i kommunen og til politiske organ.

I samsvar med byggherreforskrifta har prosjektleiinga ansvar for regelmessig oppfølging av prosjektet, under dette leverandørar og kontraktar. Av NS-ISO 10006:2017, går det fram at det bør settast i verk eit system for kontraktsstyring som sikrar at kontraktsforholda blir oppfylt, og der leverandøren si utføring blir overvaka for å sikre at alle forhold som er kontraktsmessig relevante blir oppfylt.

¹⁰ NS-ISO 10006:2017, avsnitt 7.7.2 og 7.7.3

¹¹ Henta frå: <https://www.anskaffelser.no/prosess/gjore-anskaffelser/anskaffelsesprosessen/kontraktsoppfolging>

¹² Henta frå: <https://dibk.no/globalassets/eksisterende-bygg/verktoy/byggleidelse-opdrag-og-kvalitetssystemveileder.pdf>

Prosjektleiinga må ha oversikt over rekneskapan for prosjektet og overvake framdrift og kvalitet. Som eit ledd i oppfølginga bør prosjektleiinga ha fokus på avvik og årsaker til avvik. Hensikta med eit avviksrapporteringsystem er å kunne sette i verk tiltak på eit så tidleg tidspunkt som mogleg for å kunne gjere naudsynte justeringar i prosjektet og ta høgde for konsekvensane av avvik.¹³

¹³ NS-ISO 10006:2017, avsnitt 7.5.4

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Bømlo kommune som er involvert i arbeid med planlegging, gjennomføring og styring av investeringsprosjekt. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 5-7 intervju.

3.3 Case-gjennomgang

For å svare på hovudproblemstilling 4, vil revisjonen velje ut eitt investeringsprosjekt som har blitt gjennomført i kommunen som case. Vi vil hente inn dokumentasjon knytt til det utvalde prosjektet for å kontrollere korleis ulike fasar og aktivitetar i prosjektet er gjennomført og dokumentert. I tilknytning til det utvalde prosjektet vil det også vere aktuelt å intervjuje 1-2 tilsette i kommunen som har vore sentrale i prosjektgjennomføringa, for å få utfyllande informasjon om prosjektet og prosjektstyringa.

Utval av investeringsprosjekt til case-gjennomgangen vil bli gjort i samråd med kontrollutvalet.

3.4 Verifisering og høring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Iver Fiksdal (manager) og Kristina Enger (consultant). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 330 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Prosjektet kan starte opp i mars 2021 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet i siste halvdel av september 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bømlo kommune og Deloitte.

Bergen, 3. februar 2021



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2021 Deloitte AS



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/118-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	6/21	11.03.2021

Årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2020. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2020. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Konklusjon


Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga



ÅRSMELDING 2020

FOR

KONTROLLUTVALET



Slåtterøy fyr (Foto: Jan Rabben).

1 *Føremål og oppgaver for kontrollutvalet*

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2 *Samansetjing av kontrollutvalet*

Kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023 er slik samansett:

Medlemmer

Ragnhild Ravna Skjærvik, leiar (Ap)

Vegard Enerstvedt, nestleiar (H)

Silje Sivertsen (V)

Anfinn G. Tolås (Krf)

Arne Zahl Røksund (Sv)

Varamedlemmer, etter parti:

1. John Bjørn Mikalsen (Ap)
2. Elise Skjenald (Ap)

1. Jonas Ellingsen Nesse (H)
2. Solfrid Ytterøy (H)
3. Hildegard Halleraker (H)

1. Bente Helen Nøtterøy (V)
2. Mohammed Moosapour (V)
3. Anne Marie Meling (V)

1. Per Ole Fylkesnes (Krf)
2. Magne Rolfsnes (Krf)
3. Sissel Torkelsen Larsen (Krf)

1. Rune Indrehus (Sv)
2. Dag Lothe (Sv)

Lene Borgen Waage var leiar av kontrollutvalet, men søkte om fritak for verv i kontrollutvalet grunna at ho hadde taka ja til ein stilling i Bømlo kommune. Ho var leiar av kontrollutvalet fram t.o.m. 28.09.2020. Kommunestyret innvilga søknaden og kommunestyret valde ny leiar for kontrollutvalet i same møte. Ny leiar for kontrollutvalet er Ragnhild Ravna Skjærvik. I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Anfinn G. Tolås er og medlem av kommunestyret.

3 *Om verksemda til kontrollutvalet i 2020*

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 39 politiske saker og 11 referatsaker i 2020.
- Grunna Covid-19 situasjonen har kontrollutvalet måtta gjennomføre nokre av møta som fjernmøte.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 *Sekretariatsordninga*

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet, står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Bømlo kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvaldsmøta i 2020.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. Sekretariatet utfører og sekretariatstenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

I 2016 var sekretariatstenester for kontrollutvalet i anbodskonkurrans og Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) vart vald som leverandør av desse tenestene til Bømlo kommune. Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum sto for konkurransen og ny avtale vart signert i november 2016. Avtalen gjeld i 3 ½ år, med opsjon for kommunen til å lenga kontraktstida med 1 + 1 år.

5 *Revisjonstenesta*

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Bømlo kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbod på revisjonstenester våren 2017. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 22.05.2017 under sak PS 45/2017;

«Kommunestyret i Bømlo kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor i Deloitte har vore Else Holst-Larsen som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Bømlo kommune. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2020.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og

vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 28.09.2020, der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Styring av investeringsprosjekt
2. Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov
3. Handtering av vald og truslar mot tilsette i kommunen
4. Bemanning og sjukefråvær
5. Byggesakshandsaming
6. Psykisk helse og rusteneste

Ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll etter ny plan, skal bestillast av kontrollutvalet i første møte i 2021.

6.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Forvaltningsrevisjon av internkontroll og vedtaksoppfølging

